



Ungdomslaga på Jæren gjekk saman om større spelstykke. Her er det hestar og ryttrarar utstyrde til eit olsokspel. Biletet er truleg frå Kleppelunden. Gunnar Søyland står ved hesten til venstre.

Fotograf: Mildrid Undheim

Tunheim Ungdomslag

HANS TORGNY INDREBØ

Forfattaren er ein flittig bidragsytar til årboka vår, og dette året har han leita fram historia om ungdom som var vaken for det nye i tida – for meir enn hundre år sidan. I 1890 skipa dei ungdomslag på Tunheim i Time. Lagsarbeidet var mangslunge, og sjølv om laget ikkje kan visa til aktivitet i dag, så er det fleire synlege minne etter dei i bygda. Kva det er? Les her og finn det ut.

Tunheim Ungdomsforening - Tunheim Ungdomslag

Tida omkring hundreårsskiftet 1900 var ei grotid på mange område. Mange slag organisasjonar og lag vart tufta: ideelle, faglege og politiske. Opphavet til Tunheim Ungdomsforening som vart starta opp 21. mars 1890, var ei frukt av tida. Det var ein trong etter kunnskap, som me i 2007 ikkje heilt kan skjøna.

Me prøver å setja det i litt perspektiv med å nemna at første filmen var ikkje laga, radioen fanst ikkje, det skulle ennå gå fleire år før fjernsynet kom. Aviser fanst og aviser vart lesne, men ei avis kunne ikkje ta opp alt og driva kunnskapsformidling i brei skala. Jernbanen over Jæren var ny og revolusjonerande, men bilar var det ikkje. Hest og kjerre dominerte vegane. Det var berre grusvegar. Oljelampa sytte for lys, for det skulle gå mange år før elektrisk straum kom til bygda. Torv var brukt til oppvarming og matlaging. Det er milevid avstand til vår livssituasjon, og det me opplever som sjølvstilt i våre dagar.

Dersom du ville gå på do, var det borte i løa, eller slik det var ved skulen: utedo med fleire sete i eit eige hus. Innlagt vatn var meir unnataket enn regelen – alt vatn måtte berast inn på kjøkken og til dyra i fjøs og stall. Var det lagt inn vatn, så var det ei nikkepumpe på kjøkken, men vatnet måtte varmast på ved- eller torvkomfyren. Her var det mangt som vanta.

Lærarane og borna på Tunheim brukte gamle skulen som låg nordom vegen borte i bakkehallet ved gamle vegen til Timekyrkja. I denne skulestova

var det møta til Time ungdomslag heldt til dei første 16 åra. Dersom det vart stelt til fest med mat i denne tida, vart sjokoladen koka på grua hjå grannen, og drikke og smørbrød vart bora over til skulen og plassert i torvskuten som måtte gjera teneste som kjøkken. Det var andre tider for 100 år sidan.

Då ungdomslaget vart stifta, var det på tampen med omgangsskulen – det var berre Tjåland og Kartavoll som sto att i Time. Fastskulen kravde fleire lærarar, og frå 1860 måtte alle som skulle undervisa, vera lærarar med eksamen frå eit seminar. Slik kom det folk med ein del skulegong til bygdene – og til Tunheim.

Me skal ikkje gløyma at gardane som sokna til Tunheim og andre som låg tett inntil, hadde fostra mange flinke karar. Det er nok å nemna Mauritz Kartevoll, Sven Aarre-stad, Torkel Lende, Arne Garborg og Torkel Mauland. Fleire kunne ha vore nemnde både frå Hognestad og Mossige. Det er forresten rart at det ikkje var kvinner i skiftet som er nemnt, sjølv om det nok mellom dei var like gode hovud som på karane. Halve arven kjem frå mor. Tenk på kva som kunne ha vore vunne om det hadde vore fleire som hadde kome seg fram slik som Madame Curie. Det var på desse tider omkring hundreårsskiftet og seinare ho dreiv på. Ho fekk Nobelprisen i både fysikk og kjemi.

Attende til Tunheim ungdomslag. Det var lærarar frå eigen krins som var mellom pådrivarar og stifta Tunheim ungdomsforening. Læraren Karl Taksdal

las opp statuttane for dei frammøtte då laget vart stifta. Det er rimeleg at Karl Taksdal hadde vore med på utforminga av statuttane saman med ein annan av bygda sine eigne lærarar, Sem Undheim. Taksdal og Undheim vart valde inn i første styret saman med E.G. Mossige, S. Tunheim, P.P. Undheim, og kasserar var P. N. Aarrestad.



Første lagsprotokoll med statuttane og medlemslista frå 1890-91. Arkivet til Time Ungdomslag.

* Jærmuseet

Formålet med laget

Første punktet i statuttane lydde slik: "Foreningens formaal er paa Guds ords og den luth. kirkes bekjendelses grund at fremme sand, kristeleg oplysning og sandt kameratskab blant foreningens medlemmer."

Andre punktet stiller krav til kven som kunne verta medlemmar. Det galdt først og fremst at ein var konfirmert, ville møta jamt fram til medlemsmøta og at ein til dagleg hadde "ordentlig rettskaffen vandel, er flittig i sit kald og undgår slett selskap."

Laget la opp til ei omfattande møteverksemd med ei samling kvar fjortande dag med foredrag og diskusjon eller samtale, eller ein av delane.

Dei første åra er medlemstalet tett opp under hundre og tippar jamvel over hundre fleire år. Det dalar jamt utetter tiåret. Det er eitt eller anna som skurrar i laget, fortel årsmeldingane, men kva det er, kjem ikkje klårt fram. Det står nesten årleg at berre ein går varleg fram og ikkje legg opp til strid, så skal alt gå vel. Det herskar ingen tvil om at det må vera to fraksjonar i laget, den eine vil halda strikt på statuttane og så ein annan meir "moderat" fløy.

Ei av dei første årsmeldingane er ganske klår på at det har kome kritikk om at styret har vore for ettergeevande, men styret svarar med at "det kan ein ikkje ta vidare omsyn til."

Ved 60-årsjubileet 18. mars 1950 møter ein av stiftarane fram, Sem Undheim. Han gløynde gikta for ei stund og tala varmt for laget han var med å

starta ved å seia: Laget vart skipa i ei rik grotid, og det sette svip på heile krinsen. Make til kulturliv som i denne krinsen hev det visst ikkje vore nokon annan stad på Jæren. Lagsarbeidet vekte solidaritet, skjønsemnd og oppdrift. Motbør møtte ein i arbeidet, særleg var sume redde felelåt. Men arbeidet bar fram fordi ein aldri gløymde å ta Kristi ånd med. Slik refererer møteprotokollen S. Undheim. Og S. Undheim målbar i innlegget sitt kva spenninga i laget var dei første åra. Me vil vel helst seia at det kunne vel ikkje vera så mykje å stridast om. Men me må hugsa på at me snakkar om ei heilt anna tid.

Ut frå det dalande medlemstalet og fraksjonane i laget det første tiåret, vert det ein ny kurs. Det vert ikkje nye statuttar, men det skjer eit namneskifte rett over hundreårsskiftet. Ein går over frå å kalla seg Tunheim ungdomsforening til Tunheim ungdomslag. Kanskje er det nettopp for å markera at det var ein litt annan kurs i laget, men me skal ikkje sjå bort frå at det var heilt tilfeldig. Astrid Undheim skreiv i 1968 at ungdommane som gjekk i laget etter hundreårsskiftet var livlegare enn dei som gjekk der før. – der var liv må tru når leiken gjekk over svaiande tilje så omnen måtte bindast fast til veggen med ståltråd så han ikkje skulle deisa overende.” Det ho fortel om kan likevel ikkje ha skjedd før tidlegast i 1908.

Mange lag og organisasjonar har eitt namn på papiret, men eit anna på folkemunne. Det kan også tyda på at det ideologiske grunnlaget har vorte endra frå, skal me seia ei oftedalsk vekkingsretning til ei

meir grundtvigiansk retning? Eg trur det. Det vert framleis halde ”oppbyggelse” og mange av dei tema som vert tekne opp i foredrag og diskusjonar fortel at det var bibelske tema både om personar og elles kristen etikk.

Tunheim Ungdomsforening var medlem i Norges Kristelige Ungdomsforbund frå den aller første tida. I meldingsbladet for Rogaland NKUF ”Den unges ven” står det for 1896 meldt at Tundheim Ungdomsforening har betalt ”Årsbidrag til Forbundet” med 5,00 kroner. Sjølv om Laget skiftar litt retning, held det fram med å betala årspengar til NKUF i alle fall fram til 1907.

Første gongen det er nemnt at Tunheim Ungdomslag betalar ”skatt” til Rogaland Ungdomslag er i 1919. Ungdomslaget er nå medlem i Rogaland Ungdomslag for å få hjelpa Laget kan få der, men medlemskapen førde hefte med seg. Den medlemskapen har ridd mange i krinsen som ei mare i mange år seinare. Det skal me koma att-ende til og sjå nærmare på når me skal høyra meir om Ungdomsskogen eller ”Glimre”, som skogen vart kalla første tida. Det er ikkje utenkeleg at ein eller annan vil protestera på namnet og seia at ”Glimre” var namnet til losjen på Tunheim.

Det er rett det. ”Losje Glimre” heitte avhaldslaget, men skogen til Tunheim ungdomslag hadde same namnet, og han fekk det mange år før losjelaget vart ein realitet. Glimrenamnet skal me koma attende til seinare.

Møtelokale

Så langt eg er i stand til å skjønna, var det bare eitt hus Ungdomslaget kunne samlast i dei første åra. Det var gamle skulen. Det gamle skulehuset vart først bygt på Årestad i 1869 og gjorde teneste der til 1888 då huset vart flytta til Tunheim. Huset vart sett opp ved vegen til kyrkja. Det var Tunheim som var tettstaden fram til meieriet vart bygt oppe på Store Undheim ved ånå.

I 1913 vart den nye skulen bygd på sørsida av vegen ved bussgarasjen. Då hadde Forsamlingshuset, som var nærmaste nabo, vore i bruk i fem år. Like lenge hadde Ungdomslaget brukt Forsamlingshuset som sitt møtelokale. Det var nok med vemod mange såg at Forsamlingshuset vart rive i 1976.

Her hadde det vore gudstenester, misjonsmøte, julefestar, kvinneforeiningsmøte, basarar, og tilhaldsstad for ungdomslag, barnelosje, skulerom både for folkeskulen og framhaldsskulen. Årsmøte for Handelslaget og Meieriet var årlege hendingar.

Høgt aktivitetsnivå

Her er så langt nemnt at laget hadde møte kvar fjortande dag med foredrag eller diskusjon. Laget disponerte ei boksamling, reiste på årleg sommar-tur, hadde eiga avis, "Ungdommens Talsmann", kjøpte eigen kaffikjel til utlån for 75 øre dagen, åtte eige steinty til utlån, skaffa orgel til forsamlingshu-set saman med Losje Glimre, framførte spelstykke og sketsjar, arrangerte idrettsstemne, hadde tidvis

songkor eller songforeining, arrangerte kurs i leik og turdans, men pardans kom aldri på tale. Gamal reinlender og 8-turen vart heller ikkje godtekne av styret for Forsamlingshuset. Forsamlingshuset vart reist i 1908 og var fast tilhaldsstad for laget frå då av. Før Forsamlingshuset vart bygt, var skulen til vanleg møtelokale for aktivitetar i krinsen.

I det fylgjande vil det verta breiare omtale av dei ulike aktivitetane. Her er eitt og anna interessant.

Sjølvdaudt?

Ein kan gjerne spørja om Tunheim Ungdomslag har "gått inn til hvilen". Det er ikkje sjølvdaudt eller nedlagt, men fører eit slags anonymt liv. Aktiviteten er ikkje slik han var då laget dreiv mest intenst, men styre finst framleis med Ola Grødem i spissen, Torleif Søyland og kasserar Tron Mossige. Det er skogen – Ungdomsskogen – som held liv i laget.

Kva som er grunnen til den låge aktiviteten elles i våre dagar, kan heilt sikkert diskuteras i lange tider. Ei sak er klinkande klår: ungdom og eldre har funne andre stader og nye fora der dei møtest med ulikt føremål – men under ligg alltid fundamentet: eit ynskje om å treffa medmenneske for sosialt sam-være. Særinteressene kjem attåt og i andre rekkje - oftast.

Gubbalaget

Aktiviteten dabba av i laget på slutten av 1950-talet. Arne N. Undheim og ein del andre karar prøvde



Tunheim Ungdomslag starta opp med innkjøp og utlån av bøker. Laget sitt føremål var mellom anna "fremme sand kristelig og folkelig opplysning og sandt kameratskap". Boksamlinga vart deponert i Time Bibliotek og står samla i magasinet med nesten 300 band. *Foto: Forfattaren.*

å blåsa liv i laget att på 1960-talet. Det vart tillyst møte fire gonger i året. Ein heil del menneske møtte. Frammøtet kunne variera frå kring 50 til 80 personar. Sjølv om det var vel vaksne karar som tok initiativ til kveldane i regi av Ungdomslaget, var det stor variasjonsbreidde i alderen til møtelyden. Det hende jamvel at det var tre generasjonar frå same familie som møtte.

Kva det er som skjer, er ikkje heilt klårt, men aktiviteten ebbar ut att. Om det var engasjementet

med å få i stand meieriet til eit nytt forsamlingshus – Samfunnshuset – som tok heile energien ut av folk i bygda, veit eg ikkje. Nå er det bare styret som fungerer med eit nærmast internt årsmøte – styret møter opp og oppsummerer året.

Boksamling

Ein del av folkeopplysinga var å kjøpa bøker og låna dei ut til lagsmedlemmane. Dei første bøkene vart kjøpte i 1901. Det var ikkje så mange bøkene. Kor mange er det litt vanskeleg å seia noko om, men utetter 1900-talet aukar boksamlinga. Protokollen syner at det vart kjøpt inn bøker jamt. Då laget sin møteaktivitet stoppar opp i 1958, er det innskrive 292 titlar i samlinga.

Ikkje alle bøkene vart like mykje lånte og lesne. Somme av dei vart ikkje utlånte ein einaste gong, fortel utlånsboka. Ho dekker tidsrommet 1924 -1953. Det var fleire år under krigen det ikkje vart lånt ut bøker. Eldste utlånsboka eller -bøkene finst ikkje tilgjengelege.

Ein del bøker var veldig populære. Det er på sin plass at me nemner dei mest lesne bøkene: Den fjerde nattevakt av Johan Falkberget, Varg av M. Fønhus og Svartelva av S. Moren. Dei bøkene som er nemnde, vart lånt ut mellom tjue og tretti gonger. Me må ikkje gløyma at Synnøve Solbakken av Bjørnstjerne Bjørnson var kjær lesnad. Mange tykte vel om forfattarane Johan Bojer og Jakob Breda Bull, og krinsen sin eigen, store forfattar Arne Garborg sine bøker som

vart jamt lesne.

Laget hadde alltid eigen – det er vel rettast å seia eigne bibliotekarar - som sto for orden i boksamlinga.

Bøkene vart tekne vare på i eit skåp. Aktiviteten i Ungdomslaget turka inn. Arvid Undheim tok initiativ til at heile samlings av utlånsbøker vart sendt ned til det kommunale biblioteket på Bryne der dei nå er lagra i magasinet. Tenk om ein fann det gamle bokskåpet!

Kanskje det kunne lukkast å samla flest mogleg av eignalutene som Tunheim Ungdomslag åtte i Time bygdemuseum i Samfunnshuset?

Her kan det vera på sin plass å nemna at det lenge var ein privat landhandel på Undheim driven av Bjørnsen. Bjørnsen var glad i bygda og folket, og han slutta av si private verksemd med å oppmoda folket i krinsen til å halda fram med handel, eit handelslag. Bjørnsen fekk ein dag inn ein kunde som ville kjøpa eit brød. Kunden fekk brødet og betalte. Då han skulle gå, ba han om å få papir rundt brødet.

Bjørnsen svarar: - Me kan ikkje gje papir til kvar fanten.

Kunden gjekk stille ut og let att døra like stille med brødet under armen. Personalet i butikken ilte til Bjørnsen og sa:

- Veit du'kje kven som kjøpte brød av deg? Det var forfattern Arne Garborg. Bjørnsen var ikkje sein om å finna papir og sprang etter Garborg og ba om orsaking.

Fortalt av Mildrid Undheim f. Søyland


FOREDRAG OG DISKUSJONAR

Eit av føremåla med å starta opp Tunheim Ungdomsforening, som laget heitte i utgangspunktet, var at "Foreningen afholder mindst et maanedligt møde, hvor kirkelige og andre spørgsmaal af almenmenneskelige interesser behandles i foredrag og samtaler eller en af delene. Dog udelades alt der har særlig stats eller kirkepolitisk karakter."

I heile laget si historie har "sand, kristelig og folkelig oplysning" vore halden høgt i ære. Første foredraget i 1890 hadde lærar L. Line med tittel: Blodets kredsløb.

Tema for dei ulike foredraga spende vidt. Døme på det er foredrag om Kristoffer Janson, Rasmus Løland, Peer Gynt, Russland, Vår tid og Ole Bull. Så må nemnast emne som De gode og onde ånders påvirkning på mennesket, Ordenssans og dets betydning for livet, Naar er menneskets lykkeligste tid? Hvem har størst indflydelse i samfundet av manden eller kvinden? Kva er sterkast, pengemakt eller kjærlighet? Om solsystemet. Det siste var det lektor B. Undheim som hadde ein gong på trettitalet.

Ein av foredragshaldarane i 1909 var Arne Garborg, men det er ikkje fortalt kva emne han hadde anna enn: Alle var glade for at diktaren Arne Garborg var med so dei fekk sjå og høira han tala. Nikolai Lima, lærar, stortingsmann og lensmann vitja Laget. Teodor Dahl var ein annan. Trygve Gran var i Laget to gonger. Søren Øvretveit var ein flittig gjest og andre av lærarane frå skulen på Klepp og elles mange –



Olsokspelet med krigarar skal framførast i Kleppelunden ein gong i tida 1936 – 1938. Frå venstre: Braut I, Einar Søyland, ukjent, Hinnaland, ukjent, Jon Braut, Tormod Lende, Ola Mauland, ukjent, ukjent, Hinnaland, Einar Undheim, Sven Sikvaland (som blei kalla "Tønnes") *Fotograf: Mildrid Undheim*

mange andre. Her var ein på jakt etter dei flinkaste og fekk dei på plass.

Det var 1. mars 1926 ein kar frå Stavanger kom og heldt eit foredrag. Innhaldet i foredraget har ikkje sett dei djupe spora i møtelyden, det var meir språkbruken som det vart lagt merke til. "Foredraget i seg sjølv var bra, men talaren førde ein usømeleg tale både i og særleg utanom foredraget." Me kan rekna

med at flokken var kjend med litt av kvart av ord og uttrykk frå kvardagslivet, så talaren har nok vore særst grov i kjeften. Det undra meg forresten ikkje lite. Han gjekk ein del ut og inn i min heim då eg var gutunge, og eg hørde aldri at han var usømeleg på nokon måte. Kanskje visste han å passa munnen då. Far ville aldri ha funne seg i grov tale.

Dersom du etterlyser kva det var for slag tema

som vart diskuterte, så var det like stort spenn i dei tema som for foredraga. Det var gjerne ein eller fleire av laget sine eigne medlemmar som innleidde. Tema som var oppe til diskusjon var: Forholdet mellom tenestefolk og husbondsfolk, Arbeidets betydning for de unge, Om ekteskapet og Om det åttande budet.

Det vart halde møte på ei uvanleg tid på året for Ungdomslaget 12. juli 1927. Det var foredrag med samtale etterpå. Temaet for foredraget var: Kva mål bør ungdommen setja seg no for tida,. Kommenta-



Her er ungdommane i Forsamlingshuset for å framføra skodespelet "Goddag, mann – økseskaft!"

Framme f.v. Kristian Garmann Mossige, Martin Mossige med økseskaftet, Maria P. Aarrestad, Leif Lende. 2. rekkje f.v. Olav Gudmestad Mossige, og Sven Undheim (i "Hykkjen") yttert til høgre. Kvinnene i midten er truleg Gurina Tunheim f. Mossige og ei av to søstrer Søyland. *Fotograf: Ukjent.*

ren i møteboka: Det vart eit noko livleg ordskifte som vara i mange timar.

I diskusjonane og samtalane lærde unge menneske seg til å ta ordet og målbera synspunkt og forsvara tankane sine. Foredrag og diskusjonar sette utan tvil i gang prosessar i unge sinn. Det har sett sine merke i folket i krinsen som i dag går under namnet Undheimskrinsen – Tunheim den gongen – og kanskje mest kjent som "Grøna bygdo".

"Alle fyredragi hev vorte haldne på norsk mål", står det ein gong i ei årsmelding kring 1925. Lagsmedlemmane var opptekne av at det vart nytta "norsk mål" (nynorsk) og arbeidde for det samstundes med at alkohol ikkje høyrde med i laget, men det skal me prøva å koma attende til.

Det var nok så som så med "norsk mål" dei første åra i Laget si soge, men med vaknande identitetskjenle og byrgskap over eigen dialekt og over å vera ein tunheimsbu var med på å styrkja synet på å bruka eige mål. Det skapte identitet og solidaritet. Det var dessutan ein del av føremålet til Rogaland Ungdomslag.

SPELSTYKKE OG SKETSJAR

Den eine revyen har kome etter den andre på Undheim. Det skal ikkje her diskuterast om det å våga seg ut på dei skrå bredder er framhald av tradisjonen frå Tunheim Ungdomslag. Første spelstykket – heitte det Meinhove? Muntrove? – vart synt fram i 1913. Det skal ikkje seiast for visst om det kom seg

av at det var året då kvinnene fekk ålmenn røyserett i Noreg.

Det var nervefeber i bygda i 1913 og mange heldt seg unna større samlingar, men ungdomslaget let seg ikkje kua. Tanken på spelstykke har vore oppe som samtaleemne i det minste mange år tidlegare utan at det vart realisert i øvingar og framføring.

Det vart mange spelstykke gjennom åra. Gamle forsamlingshuset på Tunheim var ikkje ideelt for framsyning av spelstykke eller sketsjar. Når eit spelstykke sto på programmet, ordna ein seg med scene med å ta benker utan ryggstø og leggja plattning på dei. Eit teppe skilde tilskodarane frå dei bak scene-teppet. Det hende nok at dei bak teppet gløymde seg av og kommenterte folk i salen. Det fekk dei høyra, må vita.

I det heile var det plassmangel i Tunheim forsamlingshus. Det vart eit ameras med å rydda vekk plattning og benker etter spelstykket var ferdig og leiken skulle til seinare på kvelden. For å bøta på det, la laget planar om å grava seg under huset og laga ein kjellar for å flytta kjøkken ned i kjellaren, eller byggja på huset slik at påbygget kunne tena som scene med garderobe.

Tanken om å byggja eit eige lagshus var òg tidleg fremja. Då krigen kom i 1940 vart alle planar lagde på is. Personar hadde allereie på 1920-talet leika med tanken på at laget burde hatt sitt eige hus. Grunnlaget for tanken ligg gøymt i punktet i "Lovar aat orgelet" som la til grunn at orgelet skulle gå til

auksjon dersom eit av laga skaffa seg eige hus.

Seinare vart nye skulen bygd i ytterkanten av Tunheim på grensa til Store Undheim. Då Meieriet vart nedlagt og gjort om til samfunnshus, vart det ei ny tid, men då var Tunheim Ungdomslag eit sovande lag. Men initiativ til ulike slag revyar har kome, den eine raskt etter den andre. Det krev at det er personar som kan ta dei ulike oppgåvene på scena og ikkje minst førearbeidet med å skriva ut tekstane som skal til. Det er alltid eit spørsmål om å få tak i dei gode poenga og karikera dei til lått og løye.

Det var nok slik at dei mange gode sketsjane som vart framførde i Ungdomslaget fungerte i si tid, men den gongen var det eineståande og korte innslag som tydeleg vekte åtgåum. Heile kveldar var det ikkje snakk om.

Me finn i dag namnet på somme av spelstykkane som vart innøvde og framførte. Dei må ha hatt poeng som slo godt an. Prestasjonane på scena var truleg gode, for når det var framsyning gjekk det folkestraum av unge og eldre langs vegane for å sikra seg god plass lenge tider før "klokka" ringde.

Kva for spelstykke vart synte?

Den første gongen det var tale om spelstykke, var rett etter hundreårsskiftet. Truleg har det vore snakka om kva skodespel var, kva det kravde av dei som skulle framføra stykket og meir i den lei, og kanskje at folk i bygda ikkje var mottakelege for skodespel, dette er berre gissing frå mi side, men det er likevel



Tunheim Ungdomslag og Losejen gjekk saman om å kjøpa orgel. Det vart plassert i Forsamlingshuset. Dersom det var lag og organisasjoner elles som ønskte å bruka instrumentet i sine møte, måtte det spørjast om lov. Løyve til bruk skulle vera samrøystes i baa laga. Orgelet er nå i Time Bygdemuseum.

Foto: Forfattaren.

med eit visst grunnlag frå ulikt syn i arbeidsmetodane og ideologi som det er gjort greie for tidlegare.

Første gongen det vart synt eit spelstykke, var som alt nemnt i 1913, men eg er ikkje god til å tyda kva stykket heitte.

Stykke som har vore framførde er mellom mange Den glade enkjemann, Simon frå Selle, Spekulasjon og tvillinga, Kjærleiken brenn, Storfolk, Fanten og kjerringa og Heimebrenning. Dette er ikkje eit fullstendig oversyn over alle stykka som vart spelte, men døme på dei, om det skulle vera nokon som kjenner dei att.

Ikkje alle spelstykkka vart framførde innandørs. Det er nesten slik at kvart distrikt har eit spel. I våre dagar er det utandørs framsyningar av historiske spel over heile landet. Framføringa på Stiklestad er ikkje den einaste som vert synt utandørs. Mildrid Søyland fødd i 1921 og snart 86 fortalde at det var framføring av Olsokspel i Kleppelunden med folk frå ungdomslaga i distriktet som aktørar. Olav Tryggvason vart spelt av Jon Braut på Serigstad, meiner ho å minnast.

ORGELET

Kan det vera verdt å bruka tid og krefter på å skriva om eit orgel, kan du spørja om, og det med rette. Mange unge veit ikkje korleis eit gammalt trø-orgel såg ut og mindre korleis det høyrdest ut.

Saka står nok slik at det ikkje høyrde med at det var eit instrument i lokala anten det var kyrkje eller

forsamlingshus i åra etter århundreskiftet 1900. Og når Tunheim Ungdomslag saman med Losjen gjekk til innkjøp av eit instrument i lag, tykte nok lagsmedlemmane og folk flest at det var gjævt.

Losje Glimre og Tunheim ungdomslag hadde bruk for eit instrument. Det kan ikkje ha vore instrument – korkje orgel eller piano – til songen i Forsamlingshuset anten det var misjonsmøte, meierimøte, handelslagsmøte eller andre samlingar der før orgelet vart innkjøpt. Ikkje alle lag hadde fritt tilgjenge til orgelet og fekk bruka det. Alle måtte spørja eigarane om lov.

Det skulle ikkje vera lett å låna orgelet ut av huset: "Lovar aat orgelet" var omfattande. Lat oss høyra: "Orgelet skal ikkje takast ut av huset utan i særlege høve og daa berre med samrøystes løyve av styret for Tunheim ul og L.F, S.T, F.Ø.T, S. og V.F." Desse som er nemnde med initialar, var vel styret for Losjen.

Av kassadagboka kan me lesa at orgelet kosta Laget 239, 40 kroner, det vil seia at vart utgiftene delte likt mellom Losjen og Laget kosta orgelet den nette sum av 478,80 kroner.

Orgelet skulle altså berre nyttast i Forsamlingshuset, men det vart utlånt ein gong til Kapellet. Det var sundag 21. desember 1924.

Det let seg ikkje gjera å finna om det var samtalar mellom Losjen og Laget om fordeling av utgiftene ved innkjøp av instrumentet i 1924. Det står i regelverket for orgelet at dei to laga har full eigedomsrett til instrumentet, og dei skal dela utgiftene dersom

orgelet treng til vøling. I 1928 vart det bruk for vøling av orgelet med 10 kroner på Laget og tilsvarande sum på Losjen. Ein kan gå ut frå at kjøpet vart delt likt mellom laga ut frå det.

Dersom eit av laga skulle døy ut, skal lengstlevande lag ta over eigedomsretten. Skulle så gale skje at baa døydde ut, skulle krinsen overta det.

Her skulle ein sikra seg: Tenk om det eine eller andre laget skulle skaffa seg eige hus, kva då med orgelet? Då skulle orgelet gå til auksjon. Dette er samandrag av dei fem punkta i "Lovar aat orgelet".

Det er aldri nemnt at orgelet vart brukt utan løyve. Det var så komplisert med eit ja til bruk at dei fleste som ville bruka det, heller valde å vera uten. Eller, er det meir rimeleg å tru at ein eller annan kunne koma til å trø belgen utan å spørja? Om det var grunnen til at det vart kjøpt material og laga ein eigen kasse til orgelet, veit eg ikkje. Det er i alle fall ført 45 kroner til utgifter for "Skåpet" 5. desember 1925. Det står ikkje at det vart kjøpt lås til kassen. Men med dei omfattande "lovane" for orgelet, ligg tanken snublande nær.

Siste formannen for Forsamlingshuset, Toralv Undheim, meinte at orgelet vart flytta til Litla Undheim som øvingsinstrument for ungane. Seinare vart det flytta til Bygdemuseet sine samlingar i Samfunnshuset. Det vert reist tvil om det er rette orgelet som er kome på plass, men eit godt vitnemål for historia er det i alle fall.

Det er nemnt at lærar Lye ein gong spela orgel



På sykkelstur til Austrumdalen ein gong rundt 1930. Frå v: Undheim, Trygve Undheim, Harald Undheim, Trygve Tunheim, Olav Undheim, Sigurd Undheim, Eilef Undheim, Ingvald Undheim, ukjent, Oddbjørg Aanestad, Oddvar Undheim, Karla Undheim, Odd Undheim, Helga Mellomstrand. *Fotograf: Mildrid Undheim*



Nok ein sykkelstur. Denne gongen er det pust i bakken i Gloopedalsura. *Fotograf: Mildrid Undheim*



Djup konsentrasjon om lapping av eit sykkelhjul. Oddvar Undheim, Oddbjørg Aanestad, Ingvald Undheim, Trygve Undheim. *Fotograf: Mildrid Undheim*

då det vart "leika og marsa". Elles var det anten fele eller trekkspel eller både delar som vart nytta i den samanhengen. 5. januar 1906: O.S. Mossige hadde fingje med seg ein stor Grammofon og denne gjorde sitt til at folk vart i godlag.

SOMMARTUREN

Lagsarbeidet låg nede om sommaren, d.v.s. jamnast frå slutten av mai til kring første september. Men var det ei hending som dei unge medlemmane ikkje vraka, så var det sommarturen. Dato vart vedteken utan atterhald om høveleg vêr. Turen gjekk utan sutring. Ein gong til Maudal på sykkel og heim om Gloppealen. Vêret var ikkje på turdeltakarane si side, får me vita. Det vert ikkje sagt noko om såre bakendar, men det er rimeleg at det var mange som var breie i gonga etter den turen.

Ein annan tur gjekk med bil over Jæren. Det var søndag 6. juli 1928, før riksveg 44 vart bygd. Veggen dei køyrde var inn til Hølland i Ognå og over til Heigrestad. Veggen vert gjerne kalla den Gamle postvegen. Det var ein del bratte bakkar der. Bakkane var så bratte at lastebilen ein sat bakpå ikkje klarde å koma seg opp med passasjerane på. Dei måtte gå av og skuva bilen dei brattaste kneikane seks eller sju gonger. Det seier litt om bakkane og kanskje noko om bilane. Dei kunne i alle fall ikkje vera firehjuls-trekkjarar. Å gå Gamle postvegen over Heigrestad-fjellet er forresten ein fin tur til fots på ein dag med godt vêr.

Turen til Lund i Moi med buss vart kanskje den mest minnerike for mange. Det vart litt vel mykje ståå om kvelden. Det gjekk ei tid før det vart ro. Ein del av flokken sov litt frampå, men hadde lova moigutane at dei skulle koma og sjå og heia på dei når dei spela fotballkamp mot eit lag frå Hauge i Dalane.

Det ingen hadde teke høgd for, var at veggen mellom Lund og Sokndal ikkje var bygd for ein buss. Veggen var smal og kronglete. Somme stader var det så smalt at det ikkje gjekk for ein person å gå mellom bussen og fjellet, og på utsida var det ingen plass til å setja foten. Ein sving var så krapp at ungdomsflokkjen måtte ut og hypsa bussen rundt fjellknausen. Då bussen endeleg utpå ettermiddagen kom fram, var kampen slutt, men det står inkje noko om kven av laga som drog sigeren i land.

FANA

Lagsmedlemmane ønskte å markera seg i høve til det kristeleg ungdomslaget som heldt til på Kappellet. Dei to ungdomslaga gjekk saman om nokre tilstellingar. Særleg var det 17. mai. Då var det godt med eiga fane. Tor Vidvei kom i 1913 som ung lærar til Tunheim. Han teikna fana som nå er deponert ved Jærmuseet i Nærbø. Det vert stadfest av styreprotokollen og av anna skrifteleg materiale. Lenge var det uvisst kven som hadde sydd henne. Eit besøk hos Mildrid Undheim løyste problemet.

Fana vart sydd av Bertha Mossige, syster til Kristian Gabriel Mossige. Ho var veldig flink med hen-



Fana til Tunheim Ungdomslag er teikna av lærar Tor Vidvei og blei brukt første gong ved 100-årsjubileet for Grunnloven. Torstein Tunheim til venstre og Toralv Undheim. Sistnemnde var formann i laget 17 år gammal. *Fotograf: Forfattaren.*

dene og særleg flink til å brodera. Mildrid Undheim og Agna Rugland kan bære stadfesta det. Men ei anna kjelde seier at det var Karen Tjensvoll, Ingebjørg Mossige og systrene Marta Garborg og Anna Aarrestad som var handverkarane.

Astrid Undheim meinte at første gongen fana vart brukt var ved 100-årsjubiléet for Grunnloven i 1914. Ungdomane heiste for første gong fana ved Forsamlingshuset og fylka seg om henne og song nasjonalsongen, før dei gjekk samla til gudsteneste i Time kyrkje.

Fana var kvit med ei gul løve brodert på raud sil-

kebotn på den eine sida. På den andre sida var det brodert med blå tråd 17. mai 1814 – 17. mai 1914. Ho var pynta med raude, kvite og blå band med snorer og duskar. Det er ikkje nedteikna kven som var fanevakt denne første gongen ho vart brukt.

Under krigen vart fana lagd bort i eit skåp i kjøkkenet i Forsamlingshuset på Tunheim. Der låg ho og for vondt. Då ho vart teken ut i 1945 var ho falma og morken. Snorene var øydelagde og nye måtte skaffast på plass.

Mildrid Undheim tok på seg oppgåva med å veta og sy om att fana. Men det var eitt stykke ho ikkje våga seg på, fortalde ho. Det var å sy Den norske løve slik Berta Mossige hadde gjort det. Mildrid skar Løva or fana og sydde henne på nytt stoff. Dette stykket med løva felte Mildrid inn att på plassen sin.

IDRETTS DAGAR

Det skal ikkje seiast for visst at styret i laget var på jakt etter nye og samlande tiltak, eller om kreativiteten til styremedlemmane tok overhand. I januar 1940 kom det forslag om å starta eige skyttarlag på Tunheim, men det kom av naturlege grunnar ikkje i gang. Grunnen til at tanken kom opp, var nok at ein eller fleire såg at det var fare for at landet vårt skulle koma i krig, sjølv om det heitte at me skulle vera nøytrale.

Trass i at laget ikkje var organisert som idrettslag, arrangerte det fleire idrettsstemne nede i Paradis. Paradis låg i søkket nordanom Tunheim på venstre



Ungdomslaget arrangerte friidrettsstemne i Paradis på Tunheim. Frå venstre: Karen Tjensvoll Taksdal, Berit Kalberg Søyland og Erna Guttormsen.

Fotograf: Mildrid Undheim.

sida av den gamle kyrkjevegen.

Det første idrettsstemnet som er nemnt var gjennomført 19. mai 1935 som terrengløp med to klassar. Det var lektor, seinare rektor B. Undheim som sto for gjennomføringa av dagen. Det var 28 deltakarar i alt og fem av dei var frå Undheim, resten kom frå andre ungdomslag m.a. Kroken (=Eikeland), Bråstein, Ålgård, Time og Nærbø. Om kvelden var det fest med tale av lærar Taksdal med tema "Arbeidsstoda no for tida".

Me må ta med fleire stemne. Sondag 22. 02. 1943 er det skidag på Tjåland. 24 karar har meldt seg på. Det er to klassar, ein for dei under 18 år og ein annan for dei over. Løypa var kring ei mil lang. Start og mål

var på Tjålandsvatnet. Deltakarane starta med eitt minutt mellomrom, og slik var alle ute etter 24 minuttar. Så snart alle var ute i løypa, starta diskusjonen mellom dei frammøtte om kven som kom til å sigrar. Tipsa gjekk i favør av Eivind Prestegård, og han vann på tida 37,55 medan nummer to kom inn kring fem minutt seinare med 42,38. Startpengar var 1,- krone for kvar. Startpengane dekkja ikkje heilt utgiftene til premiar på 24, 65 kroner.

Det vert ikkje nemnt fleire stemne under krigen. Ein måtte ha løyve av okkupasjonsmakta for å stella til samlingar. Og sidan laget var nedlagt, var det heller ikkje naturleg å invitera til kappestrid med andre lag – i alle fall ikkje offisielt.

21. januar 1946 var det skeiserenn. Audunn Undheim vann på tida 2,24 og så kom Einar Søyland på 2,28 og Eilef Undheim vart klokka inn på 2,34. Dei gjekk 1000 meter. Det var skeiserenn på Bakkatjødna og Litla Undheimsvatnet (Taksdalsvatnet).

Me må gjera oss ferdige med vinteridretten. Det var nytt skeiserenn på Litla Undheimsvatnet 9. februar 1947. Det var stiv aust kuling, men kring 200 møtte fram for å sjå. Nå vart det delt opp i mange klassar. Det var for unge under 13 år, 13 – 15 år, 15 – 18 år, så var det ein klasse for jenter som alle gjekk 500 meter.

Det var ein klasse for menn over 18 år og den klassen vart delt i to grupper. Det var dei med lengdelauparar - den såkalla raserklassa - og så var det dei som var utstyrde med stokkaskeiser. Her vart det

konkurrert på både 500 og 1500 meter.

Kanskje det raraste stemnet: Det gjekk av stabelen 3. mai 1946. Nett kor tevlingane fann stad, veit eg ikkje, men det står nemnt Ungdomshuset. Eg vil tru at det var Forsamlingshuset. Det var ungdom frå eige lag med inviterte gjester frå Bråstein og Figgjo som tevla. Det skulle tevlast i høgde- og lengdehopp utan tilløp. I lengde for ungdom over 18 år vann Tunheim suverent medan i gruppa under 18 vart det likt med 11 poeng på kvart lag. Det heiter om høgdehopp at "resultata var dårlegare enn venta". Grunnen til at Tunheim sine folk vann så suverent i den eldste klassen, var at tunheimskarane hadde trent heile vinteren. 20,5 poeng til Tunheim og 1,5 til dei to andre.



Her på Bokkatjødna arrangerte Tunheim Ungdomslag skeiserenn. *Fotograf: Forfatteren.*

EIGE IDRETTSANLEGG

Det var ingen aprilspøk, det var alvor då forslaget kom opp 1. april 1946 om å kjøpa 12 mål grunn for eige idrettsanlegg. Det vart arbeidd med saka i mange år, og det kom til avtale med kommunen om grunn til anlegget. Avtalen er underskriven av ordførar Gunnar Aasland for Time kommune og Torbjørn Sikveland for Tunheim Ungdomslag den 14. mai i 1948. Området som vart overdrege til Laget var 12 mål av gnr 54, bnr 9. Avtalen hadde fleire vilkår som skulle oppfyllest, mellom anna måtte feltet opparbeidast av laget til idrettsplass så snart som råd, og ein måtte halda anlegget i god stand til ei kvar tid. Til sist skulle alle nåverande og nye lag i tillegg til skulane i kommunen få nytta anlegget etter avtale. Trass alt var ikkje dette verre enn at det var til å leva med.

Men så må det skje eit aller anna som ikkje kjem fram i protokollane. D.v.s. at det som er nytt nå er at styret i møte 10. september 1950 søker Time kommune om 10 000 kroner til kjøp av "idrottsplass". Styremedlemmane Gunnar Undheim, Maria Taksdal, Magne Undheim, Ola Mauland og Sigfrida Undheim signerer.

24. september er det klårt at laget får lov til å ta opp lån mot å pantsetja laget sin eigedom gnr 59, bnr 29. Det var litt forvirrande. Det kunne vera ein ny og annan eigedom som ein ynskjer å kjøpa, altså det som i dag er stadion, men eg vil tru at det er same eigedomen som i første avtalen, som nå er skilt ut med

eige bruksnummer. Det er altså ikkje ein skrivefeil og heller ikkje ei anna tomt.

Styret som sende søknaden får fullmakt av dei 65 frammøtte medlemmane til å ta opp lån for Laget.

Aktiviteten i Laget kolnar. Det var låge fødselstal på 1930-talet. Det avspeglar medlemstalet i ungdomslaget på 50-talet. Laget er i tillegg vorte huslaust. Forsamlingshuset hadde ikkje rennande kaldt og varmt vatn på kjøkken. Det var ikkje vaskar på utedoa. Sanitærtilhøva både på kjøkken og toalett måtte det gjerast noko med.

Når einkvan av karane hadde bruk for å gå ut i eit nødvendig ærend, gjekk han og medbrør bakom hjørna, og jentene brukte utedoen. Vatn til kaffikjel og oppvask vart henta i bekken som rann ovanom huset. Lenger oppe låg skulen som og hadde utedo. Den gongen dansa bekken gjennom bare utmarka.

Slik er det fleire moment som gjer seg gjeldande. Det er ei heilt ny tid. Det er mykje betre råd mellom folk. Utedoen i løa vert erstatta av vassklosett inne, og det vert meir alment utetter at det kjem badekar i heimane, og stampen vert flytta ut i fjøset for å ta vare på skumma mjølk til kalvane. Alle har fått seg radio, og på slutten av decenniet kjem transistorradioane. Og av alt vart det skote opp menneske som krinsar rundt kloten vår. Det er prøvesendingar for fjernsyn. Laget har fått tevling. Mobiliteten til folk aukar, hesten vart etter kvart avløyst av traktoren og Tempo motorsykel med Williersmotor. Det var mange ryper bakpå ein slik doning.

Men raskt attende til idrettsanlegget. Jorda ligg der, men lite, om noko, er gjort. Bjarne Undheim tek turen opp til Laget som han kjenner så godt. Han meinte at Laget som langt på veg hadde fått grunnen gratis, burde koma i gang med arbeidet. Laget som hadde pengar på bok, burde setja i gang med bygging av hus snarast, gjerne saman med andre lag i kommunen.

Det vart aldri noko hus, men idrettsplassen eller stadion på Undheim skal gamlerektoren, Bjarne Undheim, ha mykje av æra for, skulle eg meina. Eg såg det aldri sjølv, men det var nærmast så myrjorda skvatt rundt han då han grøfta der oppe.

Det hende B. Undheim vart sliten, og då hadde han funne seg ein stad å strekkja ut lekamen øvst på høgaloftet på skulen. Ikkje alle visste det av lærarane, så det var ein som kom ned i ein fart og meinte det spøkte der oppe, men fekk vita at det var gamlerektoren på Gymnaset og ikkje skrømt. Gymnaset var Rogaland off. Landsgymnas på Bryne.

Nå er det i hovudsak Undheim idrettslag og Undheim skule som brukar banen og kommunen som står for vedlikehaldet. Ungdomslaget greidde ikkje å stabla folk med interesse til å ta på seg arbeidet med å setja området i stand. Slik gjekk eigedommen attende til kommunen. Ved den transaksjonen burde det vera eit oppgjær, men det er borte i "skodda" for meg.

Ei anna interessant sak er byggjefondet som ved

byrjinga av 1950-talet var 13 000 kroner. Ein stor sum vart gjeven til nytt orgel i det nye kapellet etter at det gamle enda i flammar og røyk.

Og som alle veit, eller burde vita, vert det for tida arbeidd aktivt for å få til ein innandørs hall med symjebasseng på Undheim. Her vert det sikkert god råd til å verta av med pengar til felles beste for bygda, men her bør ein sansa seg. Laget bør ikkje gå inn i eit kommunalt anlegg slik utan vidare. Den nye hallen er ikkje privat slik som Samfunnshuset eller Kapellet.

ALKOHOL

Då eg samtala med Einar Undheim og Torstein Tunheim om Ungdomslaget, vart det understreka at alkohol ikkje hørde med, og at styret ikkje tolde at medlemmane i laget kom skjenkte. Det hindra ikkje ungdom frå å koma og trengja seg inn, laga sjau og skapa det ugildt i laget. Det kallar styret usømeleg åtferd som ikkje passar i laget.

Det vert gjennomgåande referert til at lagsmøte og festar hadde vore gilde. Det var trivelege møte med godt humør- , ”og festen gjekk godt like til ein del fulle ungdommar kom og skjemde ut. Då vart festen slutt.”

Styret prøver seg med mild rettleiing med å seia at usømeleg framferd ikkje passar i laget. Saker hadde hendt som det var på sin plass å påtala.

Ein gong må styret ta skikkeleg tak etter ei slik eller liknande hending. Det var rett før jul i 1946. Der

heitte det: ”Opprop og advarsel til medlemmar og andre som går i Ungdomslaget. Det har vore fyll på dei siste møta, so mykje fyll på møte og festar som i den seinaste tida har vore på Tunheim, er ei skam for bygda.”

NYE LOVAR

Det var ikkje utan problem at laget melde seg inn i Rogaland ungdomslag i 1919 eller før. Det var dette eg tidlegare annonserte eg ville koma attende til. Det hadde seg slik at laget, som var eit kristeleg ungdomslag i starten, hadde gått over til å verta eit meir eller mindre frilyndt ungdomslag.

Fylgja av denne innmeldinga i Rogaland Ungdomslag var at Tunheim ungdomslag måtte justera lovane slik at dei samsvara med fylkeslaget sine. Det vil seia at dersom Tunheim ungdomslag nokon gong vart nedlagt eller oppløyst, skulle eigenlutene gå til fylkeslaget. Det står i punkt 8 i dei nye lovane at ”plantestykket undanteke”. Plantestykket er skogen Glimre. Det er slik eg skjønar det som er skrive.

SKOGEN ”GLIMRE”

Skogen går vel helst i daglegtalet under namnet Ungdomsskogen, men laget ga i utgangspunktet skogen namnet Glimre.

Det syda og grodde i åra kring 1900 på mange område i landet. Skogreisingstanken var ei slik sak som hadde vind i segla. Saka var samlande for unge og eldre og vart nærmast ei nasjonal sak. Spørsmålet

om å skaffa seg eigen grunn til å planta skogstre i, vart første gong nemnt i papira 1. april 1905. Truleg har saka vore oppe som samtaleemne mellom medlemmane tidlegare, for alt første kvelden saka var oppe, valde laget tre mann til å vera på utkikk etter plantegrund.

Komiteen var samansett av O.S. Mossige, Sven Undheim og M. Garborg. Dei tre karane møttest allerede 25. april og skreiv mellom anna ned i "Forslag til indkjøb af jordstykket til Tunheim ungdomslag" at "man enedes om at jordstykket der indkjøbtes burde være nogenlunde centralt beliggende inden kredsen, og at jorden var af god beskaffenhed saa at de udplantede træer snart kom i frodig vækst".

Vidare står det tilråding om kva treslag som burde plantast, kva det ville vera rimeleg å betala for målet og at storleiken på plantestykket måtte vera over ti mål. Det tykkjast vera klårt at dei tre karane har sett på aktuell grunn og har fått tilsagn om å få kjøpa eit definert plantestykke. "Forslag til indkjøb af jordstykket til Tunheim ungdomslag" høver veldig godt til jorda som vart kjøpt.

Før me går vidare, må nemnast at i reglane d.v.s. lovane for plantestykket står det skrive at dersom Ungdomslaget nokon gong skulle verta oppløyst, kunne eigedomsretten overdragast på eitt vilkår: området måtte "aldrig snauhuggedes". Ved ei oppløysing eller nedlegging av Ungdomslaget skulle skulen ha tilsynet i tjue år, og når dei tjue åra var farne var det krinsen sin eigedom.

GLIMREHÅLO

Det som nå kjem, vert ein liten parentes før eg går vidare. Eg skreiv eit stykke i Jærbladet som handla om at skogen var 100 år i 2007. Då var det ein kar som kom til meg og spurde meg kor eg hadde fått greie på historia om skogen Glimre. Eg måtte så sant var, seia at det var gjennom lesnad av ulike slag protokollar som har høyrst til Tunheim Ungdomslag. Neste spørsmålet kom kjapt: Kor var namnet Glimre henta frå?

Du skrekk! Det visste eg ikkje. Sjølv om eg hadde lurt litt på det, hadde eg aldri kome meg til å sjekka det ut. Sidan Laget var skipa i ei sterk nasjonal oppvakningstid og elles hadde ein frilyndt svip, hadde eg bare gjort meg opp personlege tankar om at det kunne vera eit slag gamalt ord frå vikingtid eller mellomalder. Dette var i tida rett etter 1905, og eg tenkte at det ville vera naturleg i ei nasjonal identitetsbygging. Nei, eg visste ikkje, og ikkje visste han heller. Det sette meg på tanken om å søkja i ordbøker, og eg fann i Ivar Aasen si "Norsk ordbog med dansk forklaring" ulike tydingar som godt kan dekka namnet på skogen og på fråhaldslaget med same namnet.

Før i tida hadde ungane og ungdomane på gardane Tunheim, Tjensvoll og Risa stemt opp Tjensvollbekken i skiftet mellom desse tre gardane om somrane slik at det vart ein djup kulp eller høl som dei bada i. Dei kunne stupa utifrå knausane ned i kulpen. Denne kulpen vart kalla for Glimrehålo, vart eg fortalt.

Det er elles to små fall i bekken. Det eine vert kalla

Litle fossen og det andre Store fossen. Fine stader å slå seg ned for å finna fred og ro.

Me prata vidare om berggrunnen som er på staden kanskje kunne vera bakgrunn for namnet. Berggrunnen er ein skifer-art rik på glimmer – kråkesylv. Namnet på skiferen er fyllitt, også kalla glimmerskifer. Rotafjell vert det gjerne sagt om bergarten. Det som er fint med fyllitten er at han er næringsrik.

Og så til Ivar Aasen. Han skriv ingenting om glimmerskifer eller fyllitt, men han sa noko om hankjønnsordet "glim". Tydingar kunne vera glimmer, glans, pragt, flitterstas (?). Aasen ga seg ikkje med



Denne gjengen grev grøft. Frå v: Gabriel Garborg, Per Undheim, Torstein Taksdal, Roald Ø. Undheim, Arne Taksdal. *Fotograf: Mildrid Undheim*

det, for han tok for seg verba (1) "glima", og her gir han oss tydingane glimre og glinse. Han har så ei anna tyding av (2) "glima", og her er tydinga give en glands eller lysning, som blender øynene. Aasen legg til at verbet også vert brukt om en svagere lysning, så som av daggry. Til slutt hokjønnsordet "glima" som han forklarar med skin eller lysning, som blender, er for sterk for øynene.

Eg skal vara meg vel for å koma med ei god tolking av "Glimre" som er brukt som særnamn. Så får kvar einskild finna ei rimeleg tolking for seg. Namnet skjemmer i alle fall ikkje, men Glimre verka litt framandt på meg første gongene eg las det, det må eg innrømme.

KLARGJERING AV PLANTEGRUNN

Nils Aarrestad på Tunheim selde 20 mål til 8 kroner for målet nede på Tunheim. Eigedommen er registrert som gnr 54, bnr 19 og ligg på Tunheim grunn. Skogselskapet (Rogaland Skogselskap) trødde til og betalte 4 av dei åtte kronene for kvart kjøpt mål. Slik vart prisen for Ungdomslaget halvert. Sjølv om seljaren fekk 160 kroner for grunnen, så betalte Laget berre 80 kroner for 20 mål av eigen kasse.

14. oktober 1905 var alt klappa og klårt, reglane for Glimre vedtekne og kjøpet avgjort. I same medlemsmøte vart ei gruppe på seks personar valde til å samla inn pengar til betaling av inngjerding av området og betaling av gjeld.

17. MAI ER PLANTEDAG

Det var ikkje berre eit spørsmål om inngjerding, før ein kunne gå i gang med planting av feltet. Jorda måtte turkast ut med grøfting, i tillegg til at laget måtte skaffa seg pengar til å betale plantene som skulle setjast ut.

17. mai 1907 var alt lagt til rette for planting. Plantene var komne på plass og 36 ungdommar møtte opp til planteday. 7000 planter kom i jorda. 4200 planter betalte Ungdomslaget, og resten gav O.S. Mossige vederlagsfritt.

Då det kvelda den dagen og verket var fullført, gjekk ungdomsflokken til skulen for å ha fest. Det var festtalar av lærarane Klingenberg og S. Undheim. I 1908 sto Forsamlingshuset ferdig, og det vart fast plass for lagsmøta frå då av.

I mange – mange år var 17. mai fast planteday, så sant dagen ikkje fall på ein søndag. I 1908 vart det planta 4000 planter, 2500 i 1910 og 2000 nye kom i jorda i 1911. Planteskulane var lens for planter i 1912. Ungdommen samlast like fullt i skogen 17. mai. Seinare vart det år om anna sett inn nye planter for dei som hadde gått ut. Det ser ut for at tradisjonen med å nytta 17. mai som planteday vart teken oppatt i 1945.

Det er på 1920-talet at lærar Vidvei søkte om å få slå graset i skogen. Det fekk han. Leiga var 40 kroner året.

Åra gjekk. Til sist er det så tett med tre at skogen må tynnast. Ein var nok varsam med å ta ut tre



17.mai var det planteday i Ungdomsskogen. Her er ein fin gjeng samla på dagtid før festen i Forsamlingshuset seinare. 17. mai vart rekna som ein vanleg yrkedag før. Bare få tok seg fri på dagtid.

Fotograf: Mildrid Undheim

i førstninga. Det vert teke ut litt til brenne for eigne lagsmøte. Losjen med same namn som skogen, fekk kjøpa juletre for 5 kroner i 1931.

Rett før jul i 1935 reiste fleire karar ned til skogen og tynna litt hardhendt. Toppene vart selde til juletre, stommene vart nytta til gjerdepålar og resten vart seld som brenne.

Det vart teke ut noko tømmer i byrjinga av krigen, men det er ikkje skrive noko om kor omfattande denne hogginga var. Lite vart gjort framover. Då arbeidet vart teke opp etter krigen, vert det uttrykt at skogen i mange år hadde vore sett til sides. "Det er mykje som skulle ha vore gjort av hogging og planting."



Ein pust i bakken frå skogplantinga ved Den store fossen. Frå venstre: Reier Herikstad, Oddbjørg Aanestad, Sigfred Undheim, Oddvar Undheim, Gabriel Garborg, Mildrid S. Undheim, Trygve Undheim. *Fotograf: Ukjent.*

Det vart hogge ut ein del skog på 1950-talet, fortel Arne N. Undheim, og fleire hus i krinsen er sette opp av tømmer frå Ungdomsskogen. Nå var det gått nye femti år og delar av skogen var hogstmogen. Haus-ten 2007 vart det teke ut store mengder tømmer som vart sendt med båt til Tyskland.

Glimre er ein av mange skogdottar på Jæren ått av ulike lag slik som sundagsskulen, skulekrinsar og ungdomslag. Dei finst i fleirtal i både Time og Hå. Korleis det er stelt i andre bygder får liggja.

I tida før skogen på Tunheim vart så stor at det

var livd i han, brukte Laget å ha utflukter til det som vart kalla Undheimsskogen. Det må vel vera skogen på Litla Undheim eller var det ein annan stad? Garborgåsen vart og nytta. Lagslemene dreiv med småmoro, kva nå det var. Småmoro var truleg å leika "Skjera havre", "Slå på ringen", "Tremann i vinden" og meir i den leid.

UNGDOMMENS TALSMANN

Me kunne gjerne seia at Ungdommens Talsmann var ungdommen sin utsending og advokat. Ungdom-

mens Talsmann er ikkje ein person, men ei handskreven avis der kvar utgåve føreligg i eitt eksemplar. Avisa vart lesen høgt på lagsmøta. Ungdommens Talsmann såg dagens lys i med fyrste utgåva i lagsmøte 14. mars 1903.

Bladnemnda var Nils E. Tjensvoll, Martin Garborg, P. N. Aarrestad, Anna S. Garborg, J. Haugland og Marie Aarrestad. Dei var etter tur to om ansvaret for to utgåver av bladet.

Det var medlemmane som sjølv tok opp saker og peika på det som dei sette lite pris på og helst ynskte vekk, ofte var det ironien som fekk spelerom, men oftast var det direkte tale – på godt og vondt. Det gjekk mellom anna på korleis ein var utstyrt frå naturen si side.

Sidan eg ikkje kjenner folk godt nok, vel eg ikkje å nemna namn, men kallar henne for "Beate":

"So kom bladet som alle støla inn og skulde høyra på. Men Beate laut ut åleine. Ein kunde berre sjå dei tjukke skinkene ut gjennom døri". Eg seier ikkje meir. "Journalisten" som skreiv i avisa signerte ofte med ein bokstav eller to og så skreiv ansvarleg bladstyrar med fullt namn under.

Det vart svinga ein skarp penn. I eit høve står det: Det var treffande skrive på rim, så nokon kvar fekk sitt pass påskrive. Ein annan gong får me vita: Seinare på kvelden fekk me bladet som sume kanskje lika mindre godt avdi stykkje gjekk deira æra for nær, men dei som kjende seg inhabile lo og "strødde bifall".

Dei første åra var det styret som peika ut personane som skulle ha ansvaret for bladet, men frå 1911 vert bladnemnda årleg vald av eit vanleg lagsmøte.

Det vil kanskje vera å ta munnen litt full, men ei snev av sanning er det når eg påstår at dei ulike utgåvene av bladet speglar av livet i bygda på ein heilt annan måte enn ein møte- og styreprotokoll. Bladet var for innvortes bruk og kan derfor gje eit meir folkeleg bilete av kulturlivet i bygda. Det vil kanskje vera rett å seia at bladet verka sitt til at lyttarane lærde folkeskikk av å lytta til innhaldet i bladet. Bladet hadde utan tvil ei justisoppgåve. Eg er ikkje i tvil om at mange trødde varleg for ikkje å verta omtala i bladet.

Eg vil påstå at det hende at det som vart skrive måtte oppfattast som reinspikka mobbing. Var folk meir hardføre tidlegare? Eller gjekk det utover sjølvbiletet? Eg berre spør.

Det kan sjå ut som utgåva 25. november 1911 må ha vore ei avis der skribenten har teke vel hardt i, kanskje hardare enn det han på rimeleg måte kan forsvara. Styreprotokollen fortel: Kritikken var meiningslaus. Styret ber så kritikaren svara for seg, og det gjer han med å seia frå seg tillitsoppgåva i laget og melda seg ut som medlem få dagar seinare.

Mange av lagsbøkene finst ikkje i samlinga og mellom dei utgåver av Ungdommens Talsmann. Siste utgåva av bladet er datert 14. mai 1958. Redaktør var Reidunn Birkeland.

Gutane utgjorde stort sett fleirtalet av medlem-

mane i laget, berre 30% var jenter. Det kjem som eit sukk i eit møtereferat: For lite kvinns!

SONG OG KOR

Det har fylgt song med Tunheim Ungdomslag frå aller første tid. Første tida var det eit songkor leia av lærar Brekke. "Sangforeningen har bidraget meget til den friske og hjertelige sang". Ein annan gong får Sangforeningen gode ord for "Skjøn og klangfuld sang". Lærar Brekke takkar for seg, og då han drog, vart det uttrykt sagn både for koret sin del og for laget. "Sangforeningen tabte sin leder i J. Brekke, hvilket også for foreningen var et føleligt tab." Koret hadde vore med på å spreia glede.

17. mai 1896 var tre ungdomslag samla i Vestly skulehus. Det er sikkert Kroken- (Eikeland), Time - og Tunheim ungdomslag som samlast slik. Dei marsjerte til gudsteneste medan dei song "Ja, vi elsker dette landet". Eivind Hognestad heldt ein tale før ungdommane gjekk attende til Vestly skule "med fleirstemmig song".

Ofte vert det nemnt at alle var med i song under songleikane og marsjane.

Song var eit kjennemerke på laget. Det var song ved opning og når det vart danna brodering ved avslutning av kvelden.

Det vert frå tid til anna nemnt at det var kor eller songforeining som var med og gledde med song. Det er vanskeleg å få tak i om det var ei verksemd knytta til Ungdomslaget. Ein gong før 1950 vert det referert

til Undheim mannskor.

Det var stil over laget når det tok ut på tur. Ein 17. mai marsjerte ungdomane i lag til Striphollen og såg på fyrverkeri. Noko å ta oppatt?

EIN VANLEG MØTEKVELD

Lagskveldar og festar vart gjort kjende for lagsmedlemmane ved oppslag og plakatar, og ikkje minst vart neste møte annonsert siste lagskvelden. Plakatane vart laga med omhug med fine teikningar og slegne opp på mellom anna forsamlingshuset, Meieriet og Handelslaget, fortalde Arne N. Undheim. Annonsane i avisene kjem etter krigen. Det er



Sør-Rogaland Ungdomslag si sommarstemna på Åsland 22.juni 1941. Gerhard Birkeland frå Tunheim styrde stemna. Det vart synt fram sketsjar av einskildlaga. Mons Hauge styrde songen. Dette (siste) gjekk føre seg i løa til Gunnar Åsland.

tilgjengelege møte- og styreprotokollar som fortel korleis ein vanleg lagskveld var sett saman. Eg har lagt saman dei einskilte delane og danna meg eit bilete av ein slags struktur som gjekk att.

Eit medlemsmøte starta opp med song og slutta med at dei frammøtte slutta broderring og ein godnattsong til avskil. Etter opningssongen var det eit foredrag og ein eller annan innleia til diskusjon, i alle fall minst ein av delane. Diskusjonane kunne verta ganske heftige og ta lang tid, andre gonger var det ingen som engasjerte seg. Seinare vart benkene rydda til sides og det vart ei stund med leik. Dei fleste gongene var det tonefylgje med leiken. Når leikarane vart varme og trong ein pust i bakken, var det tid for Ungdommens Talsmann.

Dersom det hadde vore sjau og spetakkel på lemmen før, vart det musestille nå. Dei som hadde teke seg ein tur utpå trappa, kom seg snart inn att. Alle skulle høyra når dei andre fekk "passet sitt påskrive". Det vart så ei rid med litt leik, før kvar gjekk heim til sitt – eller tok fylgje med ei før ein kom seg i hus i eiga seng. Det er mange gonger nemnt i Ungdommens Talsmann med namns nemning kven som tok fylgje med kven, anten det vart tur til Nærbø, Ålgård eller til gardar med kortare veg, men det trur eg me skal la liggja. Festane kunne vera langdryge, både ein og to timar over midnatt.

Toralv Undheim sukka. Det var forferdeleg å vera formann 17 år gammal. Foredragshaldaren var komen. Toralv sat der med han, og så var det bare to tre

medlemmar i salen. Det var pinleg. Slik var det, folk kom til leiken og Ungdommens Talsmann. Slik var det Toralv minnest si formannstid.

Med fest fylgde det mat. Pakkafestane var noko for seg sjølv.

PAKKAFEST

Det var jentene som var utfordra til å laga ein god matpakke, har eg forstått. Pakkane vart lagde bak talarstolen. Gutane hadde nok sett kven som kom med pakke, så det var når auksjonen starta at det byrja verta spanande både for jentene og gutane som skulle by på pakkane.

Når auksjonen starta, vart ein pakke plukka ut og karane kunne by. Verken jentene eller bydarane fekk sjå kva for ein pakke som var plukka ut. Det var nok veldig spanande både for henne som hadde lagt sin flid i ein fin matpakke, og kven det var av karane som fekk tilslaget. Kanskje hadde jenta stått heime på kjøkken og lagt heile sitt hjarta i arbeidet med å laga eit lekkert måltid.

For det var slik at jenta som hadde laga pakken og guten som fekk tilslaget skulle eta maten i lag. Det var nok stor spaning om kven som skulle fortæra maten i saman med kven. Det kunne verta eit dyrt måltid mat, men det var kanskje verdt det. Men ei festleg og original form for å laga – eg vil vera med på å kalla det småmoro - fest med innlagt litt pikant spaning. Dei andre frammøtte måtte finna seg i å eta det som elles sto på matsetelen for kvelden. Pengane

som kom inn under auksjonen, gjekk til lagskassen.

Kanskje ein pakkafest hadde vore noko for ein mimrefest for gamle travarar?

TIDA 1940 – 1945

Me har allereie nemnt at aktiviteten stansa opp ei tid under okkupasjonen. Det var ganske fritt dei første åra, men det merkast tidleg at krigen var komen til Noreg også på Tunheim. Under 50-årsmarkeringa til laget 5. oktober 1940 var det vanskar med å skaffa brødmat til festen. Allereie i mars månad det fylgjande året kan ein ikkje ha servering "avdi det vart underskot på brødmerke".

Det var og vanskar med å få føredragshaldarar opp til Tunheim på grunn av transporten. Det var merkbart vanskelegare tider. Og verre skulle det verta. Noregs Ungdomslag var overteke av nazistane og Innanriksdepartementet hadde innført nye lovar for laget. Det kom brev til Tunheim med krav om at dei nye lovane skulle fylgjast for Ungdomslaget. Styret sendte svar 11. mars 1942 til Innanriksdepartementet at dersom dei nye lovane skulle fylgjast og gjennomførast, ville laget gå i stå og lagsmedlemmane slutta. Styret var samrøystes i vedtaket.

Nå var ansvaret for gjennomføringa av dei nye lovane overførte til det nye nazistyrte Norigs Ungdomslag. Det kom brev derifrå om at pålegget måtte gjennomførast. Nytt samrøystes brev vert stila frå styret i Tunheim Ungdomslag og sendt 26. april s. å. til Norigs Ungdomslag. Innhaldet er ikkje til å ta feil



8. mai 1945 var ikkje ungdommane seine med å reisa flaggstanga på Årrestad og få opp flagget.

Fotograf: Mildrid Undheim

av: Styret i Tunheim Ungdomslag ville gå av i omframt årsmøte 11. mai.

Det kom ikkje noko svar på brevet. Slik vart det halde møte 11. mai og alle styremedlemmane sa frå seg oppgåva i styret. Det var formann Roald Undheim, Einar Undheim, Mildrid Søyland, Magne Heggelstad, og Erna Guttormsen. Sidan det var omframt møte vart det og gjeve høve til å velja nytt styre, men

det kom ikkje forslag om det.

Slik kom alt arbeid i Tunheim Ungdomslag til å liggja brakk frå 11. mai 1942 til 14. september 1945.

Men attende eit bel. I 1943 kom det brev til det gamle styret i Laget frå det nazifiserte Norigs Ungdomslag om at styremedlemmar som hadde lagt ned oppgåvene sine ville verta sende på straffarbeid. Lærarane som ikkje ville samarbeida med okkupasjonsmakta, var allereie tekne og sende på straffarbeid. Nå var turen komen til styremedlemmar i nedlagde ungdomslag. Det vart aldri noko av at dei vart tekne.

LITT YMIST

Det er mykje eg ikkje visste. Mellom anna at Torstein Tunheim song solo med tonefyllgje av Oppedalen på trekkspel. Fleire andre sto fram og song solo.

- Eg trur ikkje eg har så framifrå måte å syngja på. Det var teksten i songane eg ville ha fram , sa Torstein ein gong me var samla. Torstein har vore aktiv og brukt å syngja til det siste. Eit tjuetals ungdomar tevlust i å lesa dikt.

17. mai gjekk ungdomslaget i tog med misjonslaget og barneskulen. Då vart fana brukt.

Visste du at Laget hadde steinty til utlån? Steintyet var i ein kasse for føremålet. Leiga var 10,- kroner. Toralv Undheim minnest at "alle brukte steintyet". Rett etter krigen var det lite og inkje av slikt å få kjøpt. Til familiefestar som barnedåp, konfirmasjon, bryllup og årsmålsdagar var det greitt å låna stein-

tyet til Ungdomslaget, og så var det ei grei inntekt til Laget.

Men varemengda auka og folk fekk betre råd og ordna seg med steinty og skaffety sjølv. Det var elles meir og meir vanleg at ein leigde lokale utanom eige tun til familiesamkome av ulikt slag, og der var det etter kvart rikeleg med alt det som trongst for å dekkja bord.

Men kvar er steintyet til Tunheim ungdomslag i dag? Det eksisterte i alle fall etter krigen og ei god tid etter. Det hadde vore litt av ei sak om Bygdemuseet hadde fått ein kasse med steinty, ja om det så bare var eksemplar av dekketyet.

SKULEN BRUKAR SKOGEN

Skuleverket har endra seg veldig dei siste tidene med nye læreplanar. Det er kanskje ordbruken som er største endringa for borna. Lærarane har drive skule for borna i alle tider. Kva borna har lært har nok vore litt varierende frå lærar til lærar alt etter hans kunnskapar og litt spesielle interesser.

Ungdomsskogen på Tunheim vart ei opplevingslunge for dei minste borna ved Undheim skule. Borna fekk utfordringar med å byggja eigen gapahuk og bål plass for å laga varm mat. Skogen vart ein stad der ungane kunne leika seg, og der fantasien kunne få fritt løp. Ein stad der høgtlesing av Raudhette og ulven høyrde heime.

Nå er området der borna heldt til fritt for tre. Det burde vera ei fin-fin oppgåve for skuleborna å planta



Elevane ved Undheim skule brukar skogen til uteaktivitet. Her er brua som er bygd over Tjensvoldbekken.

Fotograf: Forfattaren, 2007.

til området med nye planter. For læringa og kunnskapen borna kunne få med seg gjennom praktisk erfaring og seinare observasjonar i området ville vera av stor verdi. Borna ville og få eit slag eigarforhold til skogen.

Det ville først og fremst gjelda å planta trea, gjødsla og sjå buskane veksa opp, Til og med erfara at tre gjekk ut og nye måtte plantast inn, og å sjå korleis annan vegetasjon vann fram og eventuelt måtte vika når lysforholda endra seg.

Det finst ikkje skog utan fuglar og dyr av ymse slag. Skogen er ei utruleg flott skulestove. Det er ikkje bare endringane som årstidene er årsak til, men og prosessane som skjer over mange år.

JUBILEUMSFESTANE

50-årsfesten

Meininga var at festen eller jubileet skulle vera i april våren 1940, men av naturlege grunnar vart det ingenting av det. Nå vart 50-årsfesten slegen saman med haustfesten 5. oktober 1940.

Festkomiteen for dagen var Kristine Undheim, Mildrid Søyland, Guri Risa, Eldbjørg Tunheim, Roald Undheim, Omund Taksdal, Gabriel Garborg, Magne Hegelstad og Gunnar Undheim.


Sem Undheim og Sjur Røyrvik var mellom dei første formenn og var omframt inviterte, men på grunn av vanskar med reiser, sende dei to helsingar til markeringa.

Lærer Barkved frå Bryne heldt festtalen. Han synt fram gamle saker og ting frå mellom anna første verdskrig med rasjoneringskort.

Lektor Jonsbråten snakka om song og "han fekk med seg festlyden på allsong, noko heilt nytt for oss." Det vart leik og I. Eide spela til.

I helsinga frå P. N. Aarestad – medlem frå første stund - fortalde han at Time ungdomslag var eit slag ynglingeforeining, litt eldre enn laget på Tunheim. Timelaget var berre for gitar.

"Det gjekk ikkje an at gjentene gjekk saman med gutane." På Tunheim vart det annleis. Elles hadde Martin Garborg og Nikolai Tunheim helsingar og fortalde frå dei første åra til laget. Til slutt på kvelden song festlyden "Gud signe vårt dyre fedreland" og dermed var høgtida slutt.



Songhefte til jubileumsfesten i 1950.

60-årsfesten 8. mars 1950

Til festen var alle tidlegare formenn innbedne og elles dei som levde som var med i det første styret, men berre ein av dei levde framleis. Det var P. N. Aarrestad som var heime på grunn av sjukdom.

Formannen Gunnar Undheim sa i talen til festlyden at Tunheim Ungdomslag hadde vore ei åndelig surstoffkjelde for krinsen gjennom dei farne 60 åra. Torbjørn Sikveland og kona song duett. Gunnar Aasland heldt festtalen. Tema for talen var takksemnd og arbeidsglede. Skal det gå vel, må ein bremsa på krava, meinte han.

Det var møtt fram 15 av dei gamle formennene som fekk sitja ved eit eige bord og prata om hendingar før i tida. Sanneleg, var det gildt før, så er det så visst ikkje mindre gildt i våre dagar å prata om det som var.

Attende til festen i 1950. Lærar Sem Undheim fekk ordet, og det var så gildt at han spratt fram og gløymde heile gikta for ei stund. Sem Undheim meinte at make til kulturliv som i Tunheimskringen trudde han ikkje fanst nokon annan stad på Jæren.

Det første styret i 1890 var Karl Taksdal, E.G. Mossige, Samuel Tunheim, Sven Undheim, Peder P. Undheim og Petter N. Aarrestad.

Sjølv om laget ikkje er særleg aktivt i 2007 så eksisterer det. Det ville vera på sin plass med ein 120-årsfest i 2010 eller ein pakkafest utpå vinteren?

FORMENN GJENNOM TIDENE

Karl Taksdal, Sem Undheim, Johannes Haugland, Sjur Røyrvik, Tor Vidvei, Torgeir Aanestad, S.I. Mossige, Nikolai Tunheim, Nils P. Aanestad, Gabriel Risa, Magnus Mauland, Nils A. Undheim, Torleiv Aarrestad, Magne Undheim Vestly, Grerhard Birkeland, Toralv Søyland, Omund Taksdal, Roald Undheim, Einar Undheim, Torbjørn Sikveland, Magne Arneson Undheim var alle formenn til og med jubileumsåret 1950. Gunnar Undheim fylgde på i to år, så Lars Undheim, Torbjørn Sikveland, Toralv Undheim, Ingebret G. Risa og Arvid Undheim i kortare eller lengre tid til 1958.

Dei som fylgde etter 1958 – i tida fram til 2007 -

var formenn i fleire år med gongen. Ola Mossige, Kjell Taksdal, Om. Taksdal og så kjem Arvid Undheim i ei årrekkje før Ola Grødem tok over og nå Torleif Søyland. Lenger har eg ikkje oversyn, men det må tydelegvis vera ein protokoll ein stad. Me legg merke

med at mange av dei som var formenn, var folk som sette merke etter seg.

Laget fungerer framleis med eit styre som i praksis tek seg av Glimre.

Kjelder

Informantar har vore – etter lange og korte samtalar

- Torstein Tunheim f. 1930
- Arne N. Undheim f. 1930
- Mildrid Undheim f. Søyland i 1921
- Einar Undheim f. 1916

Skriftlege kjelder har først og fremst vore:

- Tilgjengelege styre- og møteprotokollar med meir til Tunheim Ungdomsforening/
Tunheim Ungdomslag.
- Sigurd Tore Anda stilte m.a. ein del årgangar av "Den unges ven" frå 1890-talet og framover til gjennomlesing.
- Ei skriftnemnd: Kapellet. Undheim kapell og bedehus 1921 - 98
- Artikkelstoff av Astrid Undheim i Jærbladet i januar 1977

Biletmateriale

Mildrid Undheim f. Søyland har vore fotograf og er eigar av fleire bilete. Ho har sett namn på dei aller fleste personane – og Astrid Hognestad og Torstein Tunheim med fleire har vore med å finna rett namn på personane på bileta. Skulle det likevel ha sneke seg inn feil, så er me leie for det, og me vil gjerne ha tilbakemelding på det.

Bilete er også innlånt frå Gunnar Aasland, Astrid Hognestad og Karl J Braut, Serigstad.